

PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 2 - 2017



Allergiutgreiing av barn og vaksne -på Haukeland universitetssjukehus

Av: Torgeir Storaas, seksjonsleiar, Seksjon for klinisk spesialallergologi, Yrkesmedisinsk avdeling

På Haukeland universitetssjukehus er det spesialistar både på Hudavdelinga, Barne og ungdomsklinikken, og Yrkesmedisin som bidreg i utgreiing av allergi. «Regionalt senter for astma, allergi og anna overfølsemd i Helse Vest» (RAAO-Helse Vest) har kompetanse innan allergi for heile aldersspennet frå 0 til 100 år, og er lagt til Seksjon for klinisk spesialallergologi ved Yrkesmedisinsk avdeling.

Her følger ei kort orientering om kvar pasientar med ulike kliniske problemstillingar skal tilvisast:

Tilvising av barn (< 18 år):

Hovudregel er at barn med allergologisk problemstilling skal tilvisast Barne- og ungdomsklinikken (i nye Marie Joys'hus).

- Barn med atopisk eksem utan mistanke om allergi, skal tilvisast Hudavdelinga.
- Barn med moderat og alvorleg eksem, der ein mistenker forverring på grunn av matallergi, skal tilvisast Barne- og ungdomsklinikken.

Ved behov vil barnelege tilvise barnet/ungdommen vidare til Seksjon for klinisk spesialallergologi ved Yrkesmedisinsk avdeling.

HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus

BETANIEN
SYKEHUS

Haraldsplass
Diakonale sykehus

Barn som ikkje treng vurdering av spesialist er:

- Akutt angioødem/urtikaria med varigheit < 6 veker.
- Ukomplisert atopisk eksem og luftvegsallergi.

Tilvising av vaksne (> 18 år) :

- Øvre luftvegsallergi (allergisk rhinokonjunktivitt/høysnue/nasetettheit og -renning): øyre-nase -halsavdelinga.
- Ved astma/anna nedre luftveisproblematikk: Lungeavdelinga.
- Atopisk eksem og kontaktallergi: Hudavdelinga
- Urtikaria/angioødem: Hudavdelinga.
- Unntak: Ved sterk mistanke om allergisk mekanisme og/eller anafylaksi skal tilvising gå til Seksjon for klinisk spesialallergologi, Yrkesmedisinsk avdeling.
- Komplisert allergi (allergisk sjukdom i fleire organ, anafylaksi, legemiddelallergi, matallergi/-intoleranse): Seksjon for klinisk spesialallergologi, Yrkesmedisinsk avdeling.
- Ved mistanke om yrkesrelatert allergisk sjukdom, både ved luftvegs- og hudsjukdom skal tilvising sendast til: Arbeidsmedisinsk poliklinikk, Yrkesmedisinsk avdeling.

Smågruppe

Røntgenavdelinga ved Betanien sykehus ønskjer smågrupper velkomne tysdag 14. mars kl 18-19.30. Her er plass til om lag 20 legar. Meld deg på til Marit T. Rekve. E-post: ma.re.th@online.no

Samhandlingsseminar tysdag 28. mars 2017 Arr: Haraldsplass Diakonale sykehus


Stad: Thon Hotel Rosenkrantz. Kl. 17.00-20.00

Tema: Hjartesvikt • Infeksjonar • Legemiddelsamstemming

- Dialogmeldingar • Sykkel VM• Urologi

Paneldebatt: Skal sjukehuslegar ringe til fastlegane?

Påmelding: LindaSundoy.Rykkel@ihelse.net



Dialogmeldingar

Av: Gunn Anita Skjulhaug, rådgjevar FOU.

Frå 7. mars 2017 vil bruk av dialogmeldingar bli bygd ut både i Helse Vest og hos fastlegar.

Fastlegar med journalsystema CGM Allmenn, SystemX, og Infodoc plenario kan bli kopla til bruken av dialog-meldingar. Det enkelte legekontor må gjennom ei teknisk tilpassing av Helse Vest IKT før dei kan delta i ordninga. Planen er å innføre dialogmeldingar i alle føretak i Helse Vest, inklusive private og ideelle sjukehus som Helse Vest har avtale med. Piloten vart gjennomført i 2015, med to avdelingar i Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sykehus og 16 legekontor som har Infodoc plenario som journalsystem.

Dialogmeldingar er eit verktøy for koordinering og samordning i eit pasientforløp, og har til hensikt å erstatte mange telefonar og brev. All bruk av dialog-meldingar blir logga, og mottatte førespurnader, svar og notat vil bli varsla og arkivert i journalsystemet på den enkelte pasient. Dialog melding kan brukast til å ivareta meir generelle behov for kommunikasjon som ikkje er dekka under spesifiserte innhaldsstandardar som epikrise, tilvising og laboratoriesvar.

Dialogmeldinger er eit journaldokument som er tilgjengelig for pasienten på Helsenorge.no

Helse Vest IKT, fastlegar og sjukehuslegar har blitt einige om korleis dialogmeldingar best skal brukast:

- Ikkje bruk dialogmelding i ØH samanheng.
- Skriv korte og klart formulerte dialogmeldingar.
- Sendte og mottatte dialogmeldingar må følgast opp, og forventa svartid er innan 3-5 kvardagar.
- Dialogmelding kan brukast til å sende tilleggsinformasjon ved tilvising. Dersom opplysningane kan endre prioritet eller føre til nye tiltak, må dette komme heilt klart fram av teksten.
- Ved behov for generell rettleiing, bruk andre kanalar enn dialogmeldingar.

Alle legekontor vil få tilsendt relevant informasjon før innlemming i ordninga etter 1. mars 2017. Det er viktig at det enkelte legekontoret ikkje sender dialogmeldingar før Helse Vest IKT har vore inne og gjort nødvendige tilpassingar. Informasjon om dialogmeldingar vil framover bli lagt på PKO sine nettsider, www.helse-bergen.no/pko.

Fastlegar på full fart inn i kjernejournal

Av: Harald Hauge

Fastlegane har ansvar for å legge inn kritisk informasjon i kjernejournalen. Heile 66% av fastlegane knytt til Helse Bergen har no tatt godkjenningsprøven. Kjernejournalen har vist seg å ha ein viktig funksjon både på sjukehus og legevakt. Det er 4.1 millionar menneske i Noreg som no har fått kjernejournal i følge Mildrid Ræstad og Martin Steffensen frå Direktoratet for e-helse.

Javafri innlogging.

Frå 18. februar i år vart det tilbod om javafri innlogging. Godkjenningsprøva er tilgjengeleg på Altinn og Norsk helsenett. Her kan lege logge seg inn med elektronisk ID. Opplæring i bruk av kjernejournal omfattar ti spørsmål og det tar ti minutt å fullføre godkjenningsprøven.